

# Bok på 1-2-3

## Tigerpost

Av Janosch

Tverrfagleg undervisningsopplegg for 1.–4. trinnet i norsk, engelsk og kroppsøving, med tema mot og vennskap.


### Tid: 70 minutt pluss tilleggsaktivitetar

Klassikarar i Bok på 1-2-3: Barnebokskaparen Janosch har gitt oss fantastiske, varme forteljingar med sjarmerande og fargeglade bilete. Desse forteljingane vil vi gjerne gi vidare til nye generasjonar i begynnaropplæringa.

Dette er forteljinga om korleis den vesle bjørnen og den vesle tigreren fann opp posten og telefonen.

### Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar.  
<https://www.nb.no/items/fd27eecb2aed7cfa1f9ea98f678268d>
- Teikne- og skrivesaker. Ein god blyant, fargestiftar og viskelêr til kvar elev. De kan også velje å bruke nettbrett.
- Ordliste, notatblokk og blyantar til aktivitetsoppgåva.



### Formål

#### Norsk

- Utforske og formidle teksten gjennom samtale, leik, rørsle og andre kreative uttrykk.
- Hovudmål: lesing og skrivning.
- Sidemål 3. trinn: Utforske forskjellar og likskapar mellom skrivning på hovudmålet og sidemålet.

#### Engelsk

- Oppdage og leike med ord som er felles for engelsk og andre språk eleven kjenner til.

#### Kroppsøving

- Utforske og gjennomføre leikar. Forstå og bruke reglar for samhandling i spel.



# 1 Før lesing

(10 minutt)

## Samtale og undring

- Kva ser vi på framsida av denne biletboka?
- Kva er å vere nyfiken?
- Kva godt kan kome ut av at vi er nyfikne?
- Kvifor ønsker vi menneske kontakt med kvarandre? Vi menneske treng å kjenne fellesskap og deltaking, gode relasjonar og støtte. Dette kan gi energi, mot og meistring.
- Trur du at det er slik for mange dyr også?

Læraren seier: No er eg nyfiken på å lese forteljinga *Tigerpost*.

# 2 Lesing

(30 minutt)

Læraren les høgt, og de opplever boka saman. Ta dykk tid til augeblikka, og ver gjerne merksam på kor borna opplever høgdepunkt i lesinga. Teksten og samtalen om boka øver opp refleksjonar, undring og engasjement.

Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa. Vit at alle kan lese nynorsk høgt, og at høgtlesinga er med på å bade elevane dine i nynorsk. Etter LK20 lærer eleven nynorsk hovudmål frå 1. trinnet eller sidemål frå 2. trinnet i opplæringa. Om du vil utvikle opplegget vidare, kan du ta vegar om ein meir performativ og leikbasert litteraturredaktikk. Det mest sentrale er tid og rom til å undre seg og at det vert lagt til rette for at elevane kan sette ord på kjensler og erfaringar som kjem fram.

### 3 Etter lesinga (30 minutt)

Læraren kan seie: Dette var ei artig bok! Ho fekk meg til å tenke på at vi menneske forskar og utviklar mykje for å ha kontakt med kvarandre.

Læraren fortel: Eit postkort var ei brevpostsending som i over hundre år var ein enkel og rimeleg måte å formidle skriftlege budskap på, spesielt i tida før telefonen vart tilgjengeleg for alle.

Ein telefon gjer det mogleg å samtale over avstand mellom to eller fleire personar. Ein telefon fungerer ved at ein snakkar inn i eit telefonapparat, som forvandlar tale til elektriske signal. Desse elektriske signala vert sende over eit telefonnett fram til telefonapparatet til mottakaren. Dei elektriske signala vert då forvandla til tale. Ein telefon er i dag helst tilkopa eit mobilnett. I dag brukar vi helst mobiltelefonar.

Tilpass til gruppa og den einskilde eleven: Teikn og skriv eit brev til nokon du er glad i.

Gjer deg flid med bokstavane, orda, setninga/setningane og teikninga.

- Start brevet med «kjære,» eller «hei,», og namnet på personen. «Hei, bestefar!» «Hei, Sarah!»
- Skriv det du har på hjartet. Dette kan eleven gjere i samarbeid med ein læringspartnar og med vaksen støtte.
- Teikn gjerne ei teikning. Skal det vere inspirert av eit motiv frå forteljinga Tigerpost?
- Avslutt med avsendar: «Helsing Ola/Kari/Mohammad/Christina».

Brevet kan de gi sjølve eller sende i posten med frimerke saman med føresette. De kan også velje ei digital løysing.



## 4 Aktivitet (30 minutt)

Tilpass undervisninga til gruppa og kvar einskild elev:

Dette opplegget kan gjennomførast både inne og ute – gjerne med god avstand mellom elevane. Læraren førebur ei ordliste med nynorske ord (sjå eigen tabell). Orda er henta frå teksten. For 3.–4. trinnet kan læraren vurdere å utfordre med å integrere orda på bokmål og engelsk i konkurransen.

Læraren fordeler tre elevar på kvart lag, og læraren vel kven som skal vere orakel, bodberar og skrivar. Orakla stiller seg i den eine enden av klasserommet eller skuleplassen og får utdelt ein kopi av tabellen med ord. Skrivarane gjer seg klare i den andre enden av klasserommet eller skuleplassen, utrusta med notatblokk og noko å skrive med. Bodberarane går bort til kvart sitt orakel.

- Når læraren gir teikn, begynner konkurransen: Orakla viser, kviskrar eller seier lågt eitt og eitt ord til bodberaren, som må høyre godt etter, hugse ordet, springe bort til skrivaren og seie ordet til skrivaren. Her må ein også få med seg korleis ordet vert skrive.
- Når skrivaren har notert ordet, spring bodberaren tilbake til orakelet for å hente neste ord, og så bortetter. Når skrivaren har notert alle orda, ropar hen «LAG \* – FERDIG!» (Lagnamn: bjørnane, tigrane, moldvarpane, elefantane, musene og gjæsene). Læraren kan notere tida til laget.
- Når alle laga er ferdige, kan vinnaren kårast: Laga får eitt poeng for kvart ord som er rett skrive, og dei tre raskaste laga får høvesvis tre, to og eitt poeng i tempobonus.

Tips til læraren: «Jobben» som bodberar eignar seg godt for fagleg sterke elevar, då bodberaren både må høyre godt etter, hugse og formidle ordet rett til skrivaren.

Gå gjennom orda i fellesskap. Samanlikn orda på nynorsk, bokmål og engelsk. Er nokon av orda like? Kva er annleis?

### Tilleggsressursar

Lån seks av forteljingane av Janosch gratis som lydbok:

<https://www.nlb.no/boker/barn/dyr/med-tigern-og-bjornen-til-panama#>

Innlæring og utøving av vennskapssongen «Kom som du er»:

<https://nynorsksenteret.no/kom>

<b>Nynorsk</b>	<b>Bokmål</b>	<b>Engelsk</b>
<b>Ein tiger</b>	En tiger	A tiger
<b>Ein bjørn</b>	En bjørn	A bear
<b>Eit brev</b>	Et brev	A letter
<b>Ein telefon</b>	En telefon	A telephone
<b>Ein venn/ven</b>	En venn	A friend
<b>Ein familie</b>	En familie	A family
<b>Eit hus</b>	Et hus	A house
<b>Ein fisk</b>	En fisk	A fish
<b>Ei/ein potet</b>	Ei/en potet	A potato
<b>Å hjelpe</b>	Å hjelpe	To help